



Fornøyde elever og lærarar saman med Kristian Bringedal.

Det nærmar seg slutten på det ordinære skuleåret på Eining for integrering og opplæring. Medan dei som går på såkalla introprogram må venta til juli før dei kan få sine 4 veker med sommarferie, er resten av elevane i gang med siste skuleveke si. Nokre av dei er så heldige at dei har fått feriejobb eller også fast jobb og allereie er i gang med den.



Svært interessant å høyra og å sjå.

Mandag var ei gruppe elever på Rød saman med lærarane sine Birte H. Bruvik og Hilde O. Røsland. Der vart dei mottekne av Kristian O. Bringedal som gav dei ein særdeles interessant skuledag. Elevane hadde førebudd seg til besøket gjennom lesetekstar, bilde og samtaleoppgåver. Leksjonen på Rød starta ute på tunet der Kristian gav gjestene ei innføring om historia til bygdetuna generelt. og til Rødtunet spesielt.

Etter det forflytta gruppa seg inn i røykstova der dei fekk sjå og høyra mykje av interesse før dei gjekk gjennom

kammerset, lemstova og på lemen. Heile tida kunne dei høyra og sjå spennande ting. Spørsmål hadde dei og, og desse fekk dei svar på. Kjekt var det også for dei å sjå at ein del utstyr og reiskapar kjende dei att frå sitt eige heimland. Det var 7 nasjonalitetar representert i gruppa.

Etter den lærerike stunda inne i hovudhuset, gjekk gruppa ut, og med Kristan si levande og gode leiing var dei innom dei gedigne tuntrea, smia og kverna. Heile tida vart det knytt interessann historie og kunnskap til det dei såg.



Historia til tønnene og bøkkefaget.

Etter runden oppe på sjølve bygdetunet, bar det sjøvegen ned til bøkkeverkstaden. Her fekk dei sjå og høyra kva som føregjekk der i tidlegare tider, og gjennom det fekk dei innblikk i den fantastiske kunsten som bøkkefaget var. Heile tida levande og godt framført av den dyktige omvisaren. Med meir kunnskap om livet på gardane i bygde-Norge i for meir enn 100 år sidan var både elevane og lærarane deira svært takksame for den interessanne skuledagen Kristian hadde gitt dei. Fleire av elevane kjende han frå besøk på skulemuseet på Haugland tidlegare i skuleåret, også det særst vellukka. Det er ingen tvil om at skuledagane vert meir interessante og kunnskapsfylte når ein kan nytta slike positive spesialistar som Kristian Bringedal. I tillegg er han ein super formidlar med eit lettfattelig språk og ei levande framføring.

Den nydelege skuledagen vart avslutta rundt langbord på kaien med niste, god prat og kos. Sjølvstg skulle alle elevane i klassen fått oppleve dette, men jammen er det gledeleg at ein del har fått seg jobbar, - både som sommarvikarar og fast tilsette.



På bøkarkaaien er det alltid koselig i fint ver.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland